

# SAMLA SAKSFRAMSTILLING

## Tysnes kommune

---

Arkivsak : 16/731 -  
Arkivkode: 567

---

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

### Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 68/16	FORMANNSKAPET	07.09.2016
PS 81/16	FORMANNSKAPET	01.11.2016
PS 78/16	KOMMUNESTYRET	08.11.2016
PS 7/17	FORMANNSKAPET	25.01.2017
PS 15/17	FORMANNSKAPET	08.03.2017

### RULLERING TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2016

**Vedlegg: 1. Trafikksikringsplan for Tysnes kommune, høyringsframlegg  
2. Innspel til trafikksikringsplan**

### SAKSUTGREIING:

Arbeidet med rullering av kommunedelplan for trafikktryggleik er gjennomført i samsvar med planprogram vedteke av kommunestyre i november 2016.

Prosjektgruppa har hatt ei brei samansetning og hadde representasjon for ulike sektorar i Tysnes kommune, forutan representantar frå Statens Vegvesen, Trygg Trafikk og Fusa og Tysnes lensmannskontor.

Visjonen for arbeidet er ei vidareføring av visjonen i førre plan:

Ingen skal verta drepne eller skadd i trafikken i Tysnes kommune (Utvida «0-visjon») og ingen av innbyggjarane i kommunen skal føla seg utrygge når dei nyttar vegsystemet.

Planen skildrar vidare tre ulike strategiske tilnærmingar som følgjer det vidare arbeidet med planen:

1. Opplæring av trafikantar, informasjon og kontroll
2. Vegutforming og fysiske tiltak
3. Kommuneplanlegging og forvaltning.

Dei ulike strategiane er nærare skildra i kapittel 2.

I kapittel 3 er måloppnåing opp mot gjeldande plan vurdert. Me ser at ein rekkje tiltak er heilt eller delvis utført.

Kapittel 4 går gjennom kunnskapsgrunnlag knytt til ulukker og trafikktal. Dei fleste ulukkene som har skjedd i måleperioden frå 2005 til 2014 har skjedd på Fylkesveg 49 Søreide – Uggdal og Våge sentrum – Gjerstad. På begge desse strekningane er det gjort vesentlege utbetringar med omsyn til å betra trafikktryggleiken. Det er uvisst korleis desse utbetringane vil slå inn i framtidig ulukkestatistikk.

Kapittel 5 syner vurderingar gjort i samband med invitasjon til innspel til ny plan og kriteria for sortering og prioritering vidare.

Ein av tiltaka som vert prioritert i kapittel 6 av ikkje fysisk karakter er å etablera Tysnes kommune som trafikksikker kommune i samsvar med kriteria frå Trygg Trafikk, sjå punkt 6.1 for utdjuping av krav.

I sitt møte 25. januar d.å. gjorde formannskapet slikt vedtak:

«Saka vert utsett.

Formannskapet ber om at prioriteringar av innkomne framlegg frå lag og organisasjonar vert tydeleggjort i planframlegget.

Formannskapet ber vidare om at det vert gjort ei kvalitetssikring til at alle innkomne merknader er handsama i planframlegget.»

I det følgjande har me kvalitetssikra innkomne merknader og sett opp i ei eiga matrise i planen.

I samband med utarbeiding av planen har ein invitert lag, organisasjonar, privatpersonar og offentlege verksemder til å komme med innspel med forslag til fysiske og ikkje fysiske tiltak. Det har kome inn om lag 112 innspel. Enkelte er konkrete, nokre er generelle og nokre innspel er kome frå fleire. Dei aller fleste framlegga er knytt til fysiske tiltak, men ein del av problemstillingane kan knytast til ikkje fysiske tiltak når det gjeld fart og trafikksituasjonen ved skular og barnehagar. Det har kome inn framlegg til tiltak både knytt til det kommunale vegnettet og til fylkesvegnettet. Mange av dei ulike framlegg til tiltak som har kome inn i samband med planarbeidet er i praksis knytt til den generelt dårlege vegstandarden som ein har på store deler av vegnettet i kommunen og det manglande vedlikehaldet / opprustinga desse vegane har. Dette gjeld i stor grad heile fylkesvegnettet med unntak av einskilde strekningar på Fv49 og Fv78. Den generelt dårlege vegstandarden med manglande vedlikehald kan førar til trafikkfarlege situasjonar. Forutan å utgjera ein tryggleiksmessig risiko fører det også til redusert framkomst på vegnettet.

Tidlegare planar har hatt stort fokus på fysiske tiltak. I denne nye planen ynskjer ein og å få eit større fokus på ikkje fysiske tiltak. Kva tiltak som vert gjennomført kvart år må vurderast i den årlege handsaminga av budsjett og økonomiplan. Intensjonen er at tiltakslista som følgjer planen vert rullert årleg og at den årlege rulleringa vert samordna med budsjettarbeidet.

I førre plan var ein del tiltak ikkje sett i verk eller berre delvis sett i verk. Fleire av innspela som kom inn i samband med denne nye planen er lik tidlegare innspel. Sidan den førre planen er noko gamal har ein i denne nye planen vurdert det slik at tiltak i tidlegare plan som ikkje er utført, ikkje vert vidareført og liste over tiltak i ny plan vil dermed ta utgangspunkt i innkomne framlegg og resultat etter synfaring.

Det står under punkt 7.3 at Tysnes kommune ikkje har nytta seg av forskotering, men det er ikkje heilt rett, det skal også nemnast at kompensasjonsmidlar som er gjeve til private verksemder i det store og heile er nytta til vegutbetringar. Me har også med oss at kommunen forskoterte om lag 4 millionar til tidlegare fylkesvegprosjekt. Det vert vist til at om me skal få ei monaleg heving av den generelle vegstandarden må me til truleg vurderer ein eller anna form for bompengeløysing. Dette var oppe som politisk sak i førre kommunestyreperiode, det var ikkje politisk vilje til å gå vidare med ei slik løysing då og om dette skal greiast ut igjen bør det kome som ei politisk føring.

Me gjer framlegg om inkomne innspel vert handsama på følgjande måte:

1. Alle ikkje fysiske tiltak vert tatt inn i planen og får ei prioritering. Tiltak knytt til farleg skuleveg vert prioritert først.
2. Alle fysiske tiltak knytt til det kommunale vegnettet vert teke inn i planen og får ei prioritering. Tiltak knytt til farleg skuleveg og trafikksituasjonen rundt skular og barnehagar vert prioritert først.
3. Alle tiltak knytt til farleg skuleveg og tiltak knytt til gang- og sykkelvegnettet langs fylkesvegnettet vert teke inn i planen og får ei prioritering
4. Alle tiltak knytt til administrative vedtak som er nemnt i planen vert teke inn i planen og får ei prioritering. Ein prioriterer i fyrste rekkje tiltak knytt til farleg skuleveg.
5. Nokre tiltak knytt til dårleg vegstandard og manglande vedlikehald vert teke inn i planen. Dei tiltaka som vert teke med inn i planen er vurdert til å kunne ha svært alvorleg konsekvens ved ulukker, eller vere knytt til farleg skuleveg.
6. Dei øvrige framlegga som er knytt til dårleg vegstandard eller manglande vedlikehald vert ikkje tatt med inn i planen, men kommunen skal saman med Statens Vegvesen lage ei prioritert oversikt over desse tiltaka og arbeide for å skaffe midlar frå vegeigar. Ei prioriteringsliste av samla prosjekt må vurderast opp mot føringar i Regional transportplan.

I tillegg er det til revidert planframlegget er det no utarbeida ein fullstendig matrise over alle innspel. Av matrisa kan ein lesa lokalitet, tiltak føreslegne av ulike aktørar, sortering i høve til TS-plan, ein rettleiande berekning av kostnad og kva veg tiltaket ligg til.

#### **INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:**

Med heimel i § 11-14 i plan- og bygningslova, vert kommunedelplan for trafikksikring 2017-2020/24 lagt ut til offentleg høyring.

Høyringsfrist er 6 veker frå kunngjering.

#### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 08.03.2017:**

I samsvar med innstilling.

